

## **Interpellasjon: Barn som lever i fattigdom**

Utgangspunktet for denne interpellasjonen er «Barn som lever i fattigdom, Regjeringens strategi (2015-2017)»:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/ff601d1ab03d4f2dad1e86e706dc4fd3/barn-som-lever-i-fattigdom\\_q-1230-b.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/ff601d1ab03d4f2dad1e86e706dc4fd3/barn-som-lever-i-fattigdom_q-1230-b.pdf)

Strategien inneholder ei rekke tiltak som kan vere med på å hjelpe born som er i ein utsett situasjon som følgje av at familien deira har svak økonomi eller andre utfordringar.

Ein del av strategien tek føre seg kor viktig det er å kunne delta i den sosiale fellesskapen som ulike fritidsaktivitetar innanfor kultur og idrett skapar. Å ikkje få vere med, skapar einsemd. Einsemd er helsekadeleg.

Strategien inneholder og ei rekke meir generelle tiltak som kan vere med på å støtte familiarar som er i ein vanskeleg situasjon.

Eg vil be om at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom blir lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, slik at utvalet kan ta stilling til om det er tiltak i strategien som Hordaland fylkeskommune kan gjere seg nytte av.

Ei aktuell problemstilling kan vere om lag og organisasjonar som får løyvingar frå fylkeskommunen, skal oppmodast til å halde av nokre gratisplassar innanfor aktivitetane sine til barn og unge med svak familieøkonomi, eller med særskilt trond for integrering. Det kan og vere aktuelt å sjå på om det finst tilskotsordningar som fylkeskommunen kan søkje direkte på innanfor ulike område. Fylkeskommunen bør i tillegg vurdere å ta initiativ til at strategien sine tilskotsordningar retta direkte mot t.d. idrettslag blir betre kjende.

Strategien gjev eit godt og oversiktleg utgangspunkt for ei brei drøfting av kva vi kan gjere for å bøte på barnefattigdom. Målet med denne interpellasjonen, er å få til ein politisk dugnad der vi i fellesskap kan kome fram til gode løysingar for Hordaland på dette området.

**Vil Fylkesordføraren ta initiativ til at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom blir lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, slik at utvalet kan ta stilling til om det er tiltak i strategien som Hordaland fylkeskommune bør vurdere å gjere seg nytte av?**

Iril Schau Johansen

Høgre